



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for samferdsle
Møtestad	Gulen kommune
Møtedato	12.02.2014
Kl.	09:00 – 16:00

Faste medlemer til stades:

Arnstein Menes Sp
Anders Ryssdal Sp
Björg Bergheim (forfall under handsaming av sak 11/14 og 12/14)
Odd Atle Stegegjerdet Ap
Helen Hjertaas Ap
Ole Gunnar Krakhellen H
Norunn Lunde Furnes Krf
Frank Willy Djuvik Frp

Forfall til møtet:

Olin Henden H

Varamedlemer til stades:

Det møtte ikkje vara for Olin Henden H

Til stades med møte- og talerett:

Velaug Veum

Sekretariat for møtet:

Oddveig Hove

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 26.11.13 og 22.01.14 vart godkjend utan merknader.

Munnleg orientering:

Orientering Gulen kommune v/ordførar og assisterande rådmann

Gulatinget v/Espen Selvik

IS Fjordvegen Rute 13 v/styreleiar Arne Kleppa og profileringsmedarbeidar Hanne Sundbø

Fylkesveg 92 v/Dina Lefdal

Informasjon Kollektivtrafikk v/Øystein Hunvik

SAK 5/14 Reduksjon av budsjett 2014 som følge av redusert ramme frå Kap. 551, post 60

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Hovudutval for plan og næring rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Budsjett 2014, vedtatt av fylkestinget i sak 55/13, blir redusert med 5,6 mill. kr (regionale utviklingsmidlar). Reduksjonen vert fordelt slik:

Reduksjon plan og næring	2014
<u>Programområde 700</u>	
Tenesteområde 7002 – bransjeretta satsingar (reiseliv)	- 400 000
Tenesteområde 7005 – nyskaping (kommunale næringsfond)	- 1 000 000
<u>Programområde 715</u>	
Tenesteområde 7152 – lokalt plan og utviklingsarbeid (småkommuneprogrammet)	- 2 400 000

Reduksjon samferdsle	2014
<u>Programområde 722</u>	
Tenesteområde 7222 – fylkesveggar – drift og vedlikehald (netto)	- 1 800 000

2. Hovudutval for plan og næring nyttar 1 million kroner av restmidlar til å dekke inn nedtaket på tenesteområde 7005 – Kommunale Næringsfond.
3. Vedtaket blir gjort i tråd med kommunelova § 13 og fylkeskommunen sitt delegeringsreglement som opnar for at fylkesutvalet kan ta avgjerd i hastesaker.

Endringsframlegg:

Hovudutval for samferdsle sette fram slikt framlegg til endring i punkt 1::

Reduksjon hovudutval for samferdsle

Programområde 722

Tenesteområde 7222 – fylkesveggar – drift og vedlikehald vert ikkje redusert.

For at Sogn og Fjordane fylkeskommune skal fylgje opp regjeringa sine intensjonar i tilsegnsbrevet vil heile denne reduksjonen bli gjort gjennom reduksjon av plan og næring si ramme. Med det store vedlikehaldsetterslepet som Sogn og Fjordane fylkeskommune har på fylkesvegnettet vil det ikkje vere forsvarleg å redusere drift og vedlikehald på fylkesvegane.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesrådmannen med endringsframlegget frå hovudutvalet i punkt 1vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutval for samferdsle rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Reduksjon samferdsle	2014
<u>Programområde 722</u> Tenesteområde 7222 – fylkesveggar – drift og vedlikehald (netto) vert ikkje redusert	

For at Sogn og Fjordane fylkeskommune skal fylgje opp regjeringa sine intensjonar i tilsegnsbrevet vil heile denne reduksjonen bli gjort gjennom reduksjon av plan og næring si ramme. Med det store vedlikehaldsetterslepet som Sogn og Fjordane fylkeskommune har på fylkesvegnettet vil det ikkje vere forsvarleg å redusere drift og vedlikehald på fylkesvegane

- 2 Hovudutval for plan og næring nyttar 1 million kroner av restmidlar til å dekke inn nedtaket på tenesteområde 7005 – Kommunale Næringsfond.
- 3 Vedtaket blir gjort i tråd med kommunelova § 13 og fylkeskommunen sitt delegeringsreglement som opnar for at fylkesutvalet kan ta avgjerd i hastesaker.

SAK 6/14 Søknad om finansieringsbidrag til prosjektet Stad skipstunnel

VEDTAK:

- 1 Hovudutval for samferdsle yter eit tilskot på kr 100 000 til Prosjektgruppa for Stad Skipstunnel i 2014.
- 2 Tilskotet vert å finansiere over programområde 400, teneste 4005 til disposisjon for utvalet.

SAK 7/14 Ny rute Sandane - Byrkjelo - Sandane og Skei - Sogndal

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

- 1 Det vert ikkje oppretta ny rute Sandane - Byrkjelo – Sandane om morgonen.
- 2 Det vert ikkje oppretta ny rute frå/til Skei - Fjærland i korrespondanse med buss til/frå Sogndal.

Endringsframlegg:

Hovudutval for samferdsle sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Det vert oppretta ny rute Sandane - Byrkjelo – Sandane om morgonen, og ettermiddagen torsdag og fredag.

2. Det vert oppretta ny rute frå/til Skei - Fjærland i korrespondanse med buss til/frå Sogndal.
3. Kostnaden vert dekkja innan programområde 730.

Avrøysting:

Framlegget frå hovudutvalet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1 Det vert oppretta ny rute Sandane - Byrkjelo – Sandane om morgonen, og ettermiddagen torsdag og fredag.
- 2 Det vert oppretta ny rute frå/til Skei - Fjærland i korrespondanse med buss til/frå Sogndal.
- 3 Kostnaden vert dekkja innan programområde 730.

SAK 8/14 "1. Fylkesbudsjett 2014" - Til fordeling - vegsektoren fordeling

VEDTAK:

Frå posten "Til fordeling - vegsektoren" vert gitt følgjande løyvingar:

Utbetring av for låge og dårlege rekkverk – fleire strekningar	kr	2 000 000
Skredradar på fv. 337 Veitastrondsvegen	kr	3 000 000

SAK 9/14 Fylkeskryssande bussruter

VEDTAK:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune vidarefører sin produksjon på Hol-Aurland, Maurstad-Åheim og Folkestad-Nordfjordeid.
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune vidarefører avgangen Stryn kl. 15.35 – Volda m/retur kl. 17.00 på fredag og søndag.
- 3 Sogn og Fjordane fylkeskommune må ta eit nytt initiativ ovanfor samferdsledepartementet og nabofylka for å få på plass eit overordna samarbeid om fylkeskryssande ruter.

SAK 10/14 Høyring - Ferjeruter Anda - Lote ved neste kontraktsperiode

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Framlegg til vedtak:

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Opsjonen på ferjesambandet bør ikkje nyttast. Ny kontraktsperiode bør vere frå januar 2017.

2. Det må leggjast til rette for ei 2-ferjeløysing med 20 minutts avgangar på ferjestrekka Anda-Lote i tidsrommet kl. 07.00 - 19.00. I tidsrommet kl. 19.00 - 07.00 må rutetilbodet vere som i forslaget til nye ruter frå Statens Vegvesen (SVV).
3. Dersom det ikkje vert valt ei 2-ferjeløysing, må det vere tilgjengeleg reserveferje som er klar til å setjast i trafikk innan 6 timar.
4. Det må vere tilstrekkeleg rom i rutetabellen slik at det er høve til å køyre seg inn att i ruta ved mindre forseinkingar.

Endringsframlegg:

Hovudutval for samferdsle sette fram slikt framlegg til tillegg i punkt 2:

Det må leggjast inn meir faste og reglemessige avgangar natt til søndag.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesrådmannen med tillegget frå hovudutvalet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

- 1 Opsjonen på ferjesambandet bør ikkje nyttast. Ny kontraktsperiode bør vere frå januar 2017.
- 2 Det må leggjast til rette for ei 2-ferjeløysing med 20 minutts avgangar på ferjestrekka Anda-Lote i tidsrommet kl. 07.00 - 19.00. I tidsrommet kl. 19.00 - 07.00 må rutetilbodet vere som i forslaget til nye ruter frå Statens Vegvesen (SVV). Det må leggjast inn meir faste og reglemessige avgangar natt til søndag.
- 3 Dersom det ikkje vert valt ei 2-ferjeløysing, må det vere tilgjengeleg reserveferje som er klar til å setjast i trafikk innan 6 timar.
- 4 Det må vere tilstrekkeleg rom i rutetabellen slik at det er høve til å køyre seg inn att i ruta ved mindre forseinkingar.

SAK 11/14 Søkna om endring av ruteplan

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

- 1 Dagens avgang frå Måløy kl. 07.20 til Oslo skal starte på Eid.
- 2 Avgangen frå Måløy kl. 12.35 til Oslo skal starte i Måløy måndag, fredag, laurdag og søndag.
- 3 Avgangen frå Måløy kl. 21.05 til Oslo skal starte i Måløy torsdag, fredag og søndag.
- 4 Avgangen frå Oslo kl. 09.30 til Måløy skal gå til Måløy torsdag, fredag og søndag.
- 5 Avgangen frå Oslo kl. 15.30 til Måløy skal stoppe på Eid alle dagar.
- 6 Avgangen frå Oslo kl. 22.00 til Måløy skal gå til Måløy fredag, laurdag, søndag og måndag.
- 7 Endringane i ruteplanen gjeld frå 23.06.14.

Endringsframlegg:

Framstegspartiet, Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Hovudutval for samferdsle avslår søknaden om endring av ruteplan
2. Hovudutval for samferdsle ser ikkje at den endra ruteplanen tilfredsstillar førestnadane om eit godt kollektivtilbod for brukarane og samanheng til det fylkeskommunale rutetilbodet. Dette er viktige førestnader for Fylkeskommunen si løyvetildeling

Avrøysting:

Framleget frå fylkesdirektøren fekk 1 røyst, Ole Gunnar Krakhellen, og fall.
Frank Willy Djuvik, Odd Atle Stegegjerdet, Helen Hjertaas, Arnstein Menes, Arnstein Ryssdal og Norunn Lunde Furnes røysta for framlegget frå Framstegspartiet, Arbeidspartiet, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti.

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1 Hovudutval for samferdsle avslår søknaden om endring av ruteplan
- 2 Hovudutval for samferdsle ser ikkje at den endra ruteplanen tilfredsstillar førestnadane om eit godt kollektivtilbod for brukarane og samanheng til det fylkeskommunale rutetilbodet. Dette er viktige førestnader for Fylkeskommunen si løyvetildeling.

SAK 12/14 Skriv og meldingar - hovudutval for samferdsle 12. februar 2014

- 1: Forskriftsendringar - Krav om regulering av anbudskontrakar.
- 2: Fylkeskryssande bussruter
- 3: KID-midlar 2013 - innstilt samhandlingsprosjekt

- 4: Sognefjellstunnelane

Hovudutval for samferdsle sette fram slikt framlegg:

Vedtak:

Ifølgje brev frå Samferdsledepartementet til ordføraren i Luster dat. 13.01.2014 vurderer departementet å la ei vurdering/utgreiing av sambandet Sognefjellstunellane inngå i ei samla vurdering av alle aust-vestsambanda. Hovudutval for samferdsle ser positivt på at Sognefjellstunellane vert sett inn i ein større samanheng, som ein viktig del av det nasjonale stamvegnettet. Det er likevel viktig å framhalde, slik Fylkestinget i Sogn og Fjordane og har vedteke, at det vert utarbeida ein eigen KVU for å få kartlagt alle sider ved dette sambandet. Til liks med sambandet Hardangervidda, RV 7, er det naudsynt å gjennomføra ein eigen KVU for Sognefjellstunellane parallelt med den samla utgreiinga, for på den måten å sikre framdrift i planprosessane
Samferdsleutvalet ber Samferdsledepartementet gjennomføra ein eigen KVU for diagonalsambandet Sognefjellstunellane i tråd med Fylkestinget sitt vedtak i fråsegn til NTP dat. 05.06.2012 pkt 9 under Fylkestinget sine hovudprioriteringar.

- 5: Regulering av overordna vegnett med forkøyringsrett - Orientering til fylkeskommunane.
- 6: Oppfølging av vedtak om omklassifisering av delar av Fv 4 til kommunal veg.
- 7: Svar - Vedk. vinterstenging av fylkesveg 13 Gaularfjellet
- 8: Forslag til endring av riksregulativet for verdikort ferje gr. A1 - A2
- 9: Oversikt over kostnader etter uveret Dagmar julehelga 2011

SAK 13/14 Budsjett 2014 - Fordeling av planleggingsmidlar fylkesveg

VEDTAK:

1 Planleggingsmidlar for 2014 vert fordelte slik:

Prosjekt	Beløp (i mill. kr)
Planlegging - ufordelt	-1,180
Fv. 60 Hornindal XE39 – Møre gr.	0,200
Fv. 662 Nordfjordeid-Torheim	0,100
Fv. 301 Farnes – Hjelle	0,050
Fv. 302 Midtun – Åbøle	0,150
Fv. 331 Skjolden – Urnes	0,107
Fv. 661 Haugen -Myroid	0,100
Fv. 601 Måløy - Vågsvåg	0,225
Fv. 53 Holsbru	0,300
Fv. 61 Naveosen - Sollibakke	0,200
Fv. 31 Daløy ferjekai	0,200
Fv. 632 Rasoverbygg Kleiva	0,500
Fv. 607 Heggebø – Leirvik	0,150
Fv. 601 Raudeberg	0,050
Fv. 481 Førde sentrum – Slåtten skule	-0,420
Fv. 609 Halbrendsøyra	0,500
Fv 484 Viebrua - Prestefoss bru	0,500
Fv. 60 Hildestranda – Innvik	0,500
Fv. 614 Kryss fv. 577 Myklebust	0,101
Fv. 614 Kryss i Svelgen	0,200
Fv. 604 Kryss med kommunalveg til Leirdalen	0,300
Rv.53 Årdalstangen - Øvre Tiltal etter TS-inspeksjon	0,200
Planlegging fv. diverse	0,300
Fv. 664 Svagrova	-0,327
Fv. 152 Alstokka	0,300
Fv. 337 Veitastrond	-0,106
Fv. 53 Jåteli	-0,300
Fv. 722 Flovegen	1,000
Fv 55 Kjeneset i Esefjorden	0,500
Fv.609 Heilevang	0,200
Fv 616 Davikstranda	0,100
Planlegging mindre rassikringstiltak	0,300
